



Lesekroken

AV TUVA BJØRKVOLD, FORFATTER, RESSURSLÆRER
FOR NYSGJERRIGPER OG HØGSKOLELEKTOR I
NORSK VED HØGSKOLEN I OSLO OG AKERSHUS



FOTO: SHUTTERSTOCK

Plasser fakta på kartet

Undervisningsopplegg til artikkelen «Plantane som forandra verda» i Nysgjerrigper nr. 1-15

I artikkelen «Plantane som forandra verda» får vi eit innblikk i kor seks sentrale plantar opphavleg kom frå, og når dei kom til Noreg og blei tekne i bruk også av vanlege folk. Nokre av desse plantane kan ein dyrke i Noreg, medan ein framleis må importere nokre av dei frå andre land. Felles for dei alle er at dei kjem frå andre verdsdelar. For at elevane skal få ei betre forståing av kor langt til dømes pepar og bomull har blitt og dels framleis blir frakta, skal dei teikne inn informasjonen på eit verdskart.

Gå fyrst gjennom eksempelet med poteta saman. Elevane skal finne ut to ting frå teksten om kvar plante: kor han kjem frå, og når han kom til Noreg. Plasser planta på kartet. Vidare skal elevane prøve å tenkje seg til korleis plantane blei frakta til Noreg, til dømes korleis poteta kom til Noreg rundt 1700. Truleg vart ho frakta med seglskip rundt Sør-Amerika og til Noreg.

Det er samla nokre fakta elevane kan trenge for å løyse denne oppgåva i faktaruta. Årstala er når noko blei oppfunne eller opna. Oppfinninga var altså ikkje i vanleg bruk før ein del år seinare.

Dampskip 1807
Jernbanen 1825
Bensinbil 1886
Panamakanalen 1914
Suezkanalen 1869

På det vedlagde verdskartet er det teikna inn ein fasit for kor plantane kjem frå, når dei kom til Noreg, og kva for ein veg dei truleg nytta for å transportere varene til Noreg. Frå India og Austen kunne ein også nytte skip rundt Afrika, og skip frå Middelhavet opp til Noreg.

Før de les

Be elevane lukke auga og halde fram handa. Ta litt sukker i handa deira, og be dei smake. Kva kjenner dei? Kva er det? Kor kjem det ifrå? Er det ein plante? Kva nyttar ein eigentleg dette til? Ein kan også la elevane tenkje gjennom det same med pepar, men då bør dei fyrst sjå kva dei smakar på.



nysgjerrigper

Om Nysgjerrigper og Lesekroken

Nysgjerrigper er Noregs forskingsråd sitt tilbod til alle elevane og lærarar på 1.–7. steg. Vitskapsmagasinet Nysgjerrigper, nettstaden nysgjerrigper.no, konkurransen Årets Nysgjerrigper og ulike lærertilbod er viktige delar av verksemda. Les meir på nysgjerrigper.no

Med Lesekroken gir Nysgjerrigper tips til korleis tekstane i bladet kan brukast til å auke lesekompetansen i alle fag hos elevane. Les meir på nysgjerrigper.no/lesekroken





Av Tuva Bjørkvold



Oppgaver til «Plantane som forandra verda»



1. Kva smakar du?

Lukk auga, rekk ut handa og smak på det du får.
– Kva er det, korleis får ein tak i dette, og kor i verda kjem det frå?

2. Plasser fakta på kartet


Jobb saman to og to.

- a) Marker på kartet kor dei seks ulike plantane i artikkelen kjem frå, og når dei kom til Noreg.
Eksempel: Poteta kjem frå Peru og kom til Noreg på midten av 1500-talet.
- b) Teikn inn korleis de trur plantane blei frakta til Noreg på den tida dei byrja å komme til landet vårt.
Eksempel: Poteta blei frakta med skip rundt Sør-Amerika.

3. Detektivlesing

- a) Kva meiner ein med at plantane i artikkelen «forandra verda»?
- b) Kor mange av plagga du har på deg i dag, er laga av bomull? Kva kan ein elles lage same type plagg av?
- c) Korleis får ein sukker?





Oppgaver til «Plantane som forandra verda»

